



Kinn kommune

# Pressereglement

Vedtatt: 17.06.2020, administrasjonsutvalet  
Ansvarleg: Informasjon og service

# Pressereglement

Vedtatt 17.06.2020, administrasjonsutvalet.

Kommunelova §4 seier at «kommuner og fylkeskommuner skal drive aktiv informasjon om sin virksomhet. Forholdene skal legges best mulig til rette for offentlig innsyn i den kommunale og fylkeskommunale forvaltning.»

Kinn kommune skal drive aktiv informasjonsverksemd. Førespurnader frå media skal møtast med størst mogleg openheit, og kommentar gjevast snarast mogleg.

Media skal nyttast for å kommunisere budskap knytt til vår verksemd.

## Innhaldsoversikt

[Informasjonsansvaret](#)

[Fagsaker](#)

[Teneste- og stabsleiarar](#)

[Kommunale føretak](#)

[Delegering](#)

[Omdømmebygging og involvering](#)

[Ytringsfridom og lojalitetsplikt](#)

[Rolleavklaring](#)

[Faktaopplysingar](#)

[Rådgjevarar](#)

# Informasjonsansvaret

Det øvste informasjonsansvaret i Kinn kommune ligg hos ordførar og kommunedirektør. Politiske kommentarar og vurderingar gjevast av politisk nivå, mens Kommunedirektør uttaler seg i overordna administrative saker. Kommunedirektør er her meint som kommunedirektørteamet (kommunedirektør og kommunalsjefar).

## Fagsaker

Kommunalsjefane er kommunedirektøren sine fremste rådgjevarar innan oppvekst og utdanning, helse og velferd, og samfunn, kultur og miljø. I saker som gjeld det heilskaplege tilbodet innanfor desse tenesteområda, er det kommunalsjefane som uttaler seg på vegner av kommunedirektøren.

## Teneste- og stabsleiarar

Teneste- og stabsleiarar har det faglege, økonomiske, personalmessige og administrative ansvar innan si teneste. I dette ligg også eit informasjonsansvar. Leiarane har rett og plikt til å gi faktaopplysingar og faglege vurderingar innanfor sine ansvarsområde, og opptrer då på vegner av Kommunedirektøren. Kommunedirektør skal rådførast ved behov og haldast løpande orientert om saker som forventast å kome i media.

## **Kommunale føretak**

Styret, og etter delegasjon dagleg leiar, i kommunale føretak har det faglege, økonomiske, personalmessige og administrative ansvar innanfor sitt føretak. I dette ligg også eit informasjonsansvar. Kommunedirektør og ordførar skal rådførast ved behov og haldast løpande orientert om saker som forventast å kome i media.

## Delegering

Teneste- og stabsleiarar, samt daglege leiarar i kommunale føretak, kan delegere mediekontakten til den medarbeidaren som har best kjennskap til saka, og som ut frå ein fagleg ståstad kan gi den beste framstillinga frå kommunen si side. Den som uttalar seg skal opptre lojalt overfor Kinn kommune sine politiske og administrative vedtak.

# Omdømmebygging og involvering

Den enkelte medarbeidar skal oppmuntrast til å bidra med idear og innspel til gode mediasaker. Alle medieutspel skal avklarast med næraste leiar.

## **Ytringsfridom og lojalitetsplikt**

Tilsette i Kinn kommune har ytringsfridom som privatpersonar, og må gjerne ta del i offentlege samfunnsdebattar. Tilsette har sjølv plikt til å presisere overfor media at dei uttaler seg som privatpersonar når dei uttaler seg eller kommenterer saker innanfor kommunen sine ansvarsområde. Stillingsnemning, kommunal e-post, e-postsignatur eller brevark skal ikkje nyttast når den tilsette uttaler seg som privatperson. Tilsette bør vere varsame med å uttale seg som privatpersonar på områder der ein er sakshandsamar eller har ein annan sentral rolle. Kommunen forventar lojalitet til kommunen sine vedtak og avgjersler.

# Rolleavklaring

Tilsette som er tillitsvalde og/eller politikarar har sjølv ansvar for å klargjere overfor media at dei uttaler seg som representant for ei fagforeining eller eit parti. Rollene som tillitsvald/politikar og tilsett skal haldast separat.

# Faktaopplysingar

Leiarar for ulike ansvar- og tenesteområder kan kommentere faktafeil i papir- og nettaviser.

# Rådgjevarar

Medarbeidarar og leiarar som ynskjer rådføring og hjelp om spørsmål som har med media å gjere kan kontakte informasjon og service.